

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 6. Fylke: Rogaland
 Tilleggsspørsmål: til fokelege Herad: Bjerkreim
 Emne: musikkinstrument Bygdelag: Jone bygdi
 Oppskr. av: J. Austranddal Gard:
 (adresse): Villeså G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1) Nei. Dei laga piper av halustrå. Lyden
 desse piperne laga var nokso irriterande
 når born heldt på og hles. For å få dei
 til å slutta, så di vaksne at det kom regn
 når di hles på desse piperne.

2) Nei, nei

3) Rangler som småborn hadde å
 amovera seg med, kjennes eg til fleire
 variasjonar på, men noko seernamn
 på desse ranglerne kjennes eg ikkje til

4) Alle desse "Knall" og "Smell", som er nemnt
 i dette spørsmålet kjennes me godt til,
 men at desse smellerne skulde ~~skulde~~
 tyda noko eller gjerast til ^{noko} særskild
 høve, kjennes me ikkje til. Det var og er
 helst borni, som heller med dette.

J. brüdläup når brudefærdi tok him-
 anfrå til kyrkje, hv det frå gammalt
 av vare vis å skjota. Segni segjes
 at frå gammalt av gjorde di dette for
 å sneema vekk brallpakk, som hadde høg

å taka brüdi. Seinare heitar det at dei skyt "æresskot"

5). Her i distriktet kjemmer me til eit reidskap som dei kallar ei skreddla. Denne skreddlo kamm det lågast eit høgt, hög eriterande låt med. I gamle dagar, sæst det, kunde dei jaga vekk sjölv "Gamb-örrik" med denne skreddlo. Når hestane sto med grindi og ikkje vilde gå på heite, so fekk dei hestane tilskogs med skreddlo. Då heitte ho hesta-skreddlo. Kåm geiterna heim og vilde forsyna seg i hauråkeren, måtte di til skogs att, når skreddlo skreik. Då heitte skreddlo geite-skreddla.

Skreddlo var laga heilt av tre. I åvre enden av begrindi var det ein valse, som det langs etter var muskorne hakk. Ei treffjör (fjeder) sto stramt imtil denne valse. Den som skulde få fram ilåten tok i handtaket og slengde grindi rundt. Treffjör; som soleis låt koppa frå rill til rill, laga låten.

Skreddla

